



Byggmester Markhus AS  
Kokstaddalen 6  
5257 KOKSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5458 - 17/35192

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
13.12.2017

## Ferdigattest og korrigert igangsettingsløyve - omlegging av VA-anlegg - gbnr 137/779

### Administrativt vedtak. Saknr: 603/17

**Tiltakshavar:** Byggmester Markhus AS  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Markhus AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 18.11.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.11.2017 og supplert 11.11.2017 med godkjenning av ferdigmelding for VA-anlegg i brev frå kommunen si VA-avdeling datert 11.12.2017. Kommunen legg til grunn at denne ferdigmeldinga gjeld både for omlegging av VA-anlegg i denne saka og for utvendig og innvendig VA i byggesaka for bustader, sak 16/2290.

I dokumentet *Igangsettingsløyve - omlegging av VA-anlegg* datert 14.07.2016 er vedtaket feil . Vi beklagar det og rettar feilen opp i vedtaket nedanfor.

### Skildring

Adresse:	ISDALSTØBAKKEN 1 - 3
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

### VEDTAK:

#### KORRIGERT IGANGSETTINGSLØYVE

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve igangsettingsløyve for omlegging av VA-anlegg på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyve av 18.11.2014 med vilkår gjeld for tiltaket.**

## 2. Vedtaket om igangsettingsløyvet av 14.07.2016 vert oppheva.

### FERDIGATTEST

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for omlegging av VA-anlegg på gbnr 137/779 og i den offentlege vegen Isdalstøbakken.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5458

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Byggmester Markhus AS

Kokstaddalen 6 5257

KOKSTAD